

Ikke lenger på grunn i Bosporus

13.02.2009



Skoget til supplybåten Siem Pilot som skal fulførast av Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen ligg ikkje lenger på grunn i Bosporus-stredet. Bergingsaksjonen går sin gang og skoget ligg no ved kai på verftet Tuzla Gemi i utkanten av Istanbul. Det var eit anna verft inn mot Svartehavet som bygde skoget

Det lukkast til slutt å få trukke det av grunnen med kraftige slepebåtar. Skoget har lege på grunn sidan det havarerte i kraftig uver under starten av slepet som hadde Uskedalen som mål og som skulle ha vore her rundt 20. oktober.

Havariet skjedde på austsida av stredet.

Helge Enes har sendt oss biletta av båten der han no ligg. Enes jobbar for Frank Mohn i området.

Båten kom til verftet førre laurdag og blir halde flytande med tre lensepumpar, fortel Enes. Neste fase blir at den skal i flytedokk slik at skaden kan sjekkast.. Sjølve reparasjonen kan truleg ta frå åtte til 10 veker.

Dei opprinnelege planane gjekk ut på at den 88 meter lange supplybåten skulle leverast ferdig til rederiet i Stavanger i mars 2009.

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Helge Enes

